

Lover for Arnafjord Ungdomslag
(Lovene er frå 1921, § 7 blei endra i 1985)

§ 1

Arnafjord ungdomslag under merket A.U.L. er ein samskipnad av ungdom og andre med ungdoms hugnad og har til føremål på nasjonal og kristeleg grunn å fremja opplysning, danning og edruskap mellom ungdom. Det skal verna om dei unge og hjelpa dei til å verta sjølvstendige og tenkjande menneske.

§ 2

Dette føremål vil laget freista å nå ved foredrag, ordskifte, opplesing og framsyning av gode høvande skodespel, song, sømeleg leik o.s.v.

§ 3

Laget skal også freista taka seg av slike ting som kan vera til materiell eller kulturell framhjelp for folket her, t.d. ymse slags skeid? i den eine eller andre retning.

§ 4

Rusdrykk må ikkje tolast i laget sine møter og festar. Syner nokon seg berusa eller gjer nokoslag .oppstyr i laget sine møter eller festar, eller er der i det heile nokon som skiplar møtefreden, skal styret ha plikt på seg til å skaffe møtefred.

§ 5

Laget hev som regel sine møter i vinterhalvåret og då vanleg annakvar sundag.

§ 6

Medlem av laget vert kvar den som meldar seg inn i laget og betalar årspengar. Kor store dei skal vera vert avgjort på kvart årsmøte. Ikkje-medlemar som vil vera med på laget sine møter eller festar skal spørjar styret om lov. Berre lags lagslemer har røysterett.

§ 7

Årsmøte vert halde så snart som råd etter nyttår. Laget vel då eit styre på 5 medlemar og 1 varamedlem. Leiar vert vald særskild kvart år. Styret vel seg imellom varaforman, kasserar og skrivar.

Årsmøte vel revisor til å revidera rekneskapen. Til styret vert kvar vald for to år om gongen, slik at 2 står på val eit år og 3 neste år.

På årsmøte skal form. gjeva utgreiing om laget sitt arbeid siste året og kasserar legg fram rekneskapen i ettersedd stand.

§ 8

Ved festar vel laget ei festnemnd og denne vel seg alltid ein formann som ordnar med festen , men lagsstyret hev ansvar for at alt gjeng sømeleg til på festen.

§ 9

Styret kan seie frå seg attval for så lang tid som dei hev stade.

§ 10

Laget gjev ut eit handskrive blad "Fram" som vanleg vert opplese fyrst på møte. Bladet er laget si eiga. Til å skrive bladet vel laget 3 medlemar som skal skriva bladet 3 gonger. Når desse 3 er ferdige vel laget 3 andre medlemar til det same o.s.fr.

§ 11

Desse lover kan brigdast når laget finn det turvande. Framlag om brigade må koma fram i skriftleg form på eit vanlegt møte. Fyrst på eit seinare møte kan laget vedtaka brigade, og då må minst 2/3 av dei fastbuande lagslemer vere på møtet og av dei minst 2/3 vera for brigade.